

Rapport Openheitslova Steinvik 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Grotle, Olve (17.02.1964), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Vassbotten, Marte (04.08.1987), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Vassbotten, Alex (13.11.1962), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Vassbotten, Inge Helge (23.02.1942), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Vassbotten, Erlend (02.01.1990), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Møgster, Nina (09.02.1978), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Haugen, Reidar (15.05.1963), signert 30.06.2026 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



Aktsemdsvurdering

Steinvik 2025



Dokumentet
er signert
digitalt av:

- Grotle, Olve (17.02.1964), 30.06.2026
- Vassbotten, Marte (04.08.1987), 30.06.2026
- Vassbotten, Alex (13.11.1962), 30.06.2026
- Vassbotten, Inge Helge (23.02.1942), 30.06.2026
- Vassbotten, Erlend (02.01.1990), 30.06.2026
- Møgster, Nina (09.02.1978), 30.06.2026
- Haugen, Reidar (15.05.1963), 30.06.2026

Forseglet av



Posten Bring

Innhald

Om Steinvik og vårt ansvar etter Openheitslova	1
Slik gjennomfører vi aktsemdsvurderingar – metode og risikobilete	3
Ansvarleg drift – Vurdering av eiga verksemd og risikobilete.....	4
Kartlegging av leverandørkjeda – område med høg risiko.....	5
Tiltak og mål for ansvarleg drift – slik jobbar vi med forbetring.....	9
Kommunikasjon med påverka partar og rettshavarar	10
Gjenoppretting og erstatning	10

Om Steinvik og vårt ansvar etter Openheitslova

Denne rapporten presenterer konsernet Steinvik si aktsemdsvurdering i tråd med Openheitslova (§4 og §5), for perioden 1. januar – 31. desember 2025. Rapporten gjev ei oversikt over korleis Steinvik arbeider med å identifisere, vurdere og handtere faktiske og potensielle negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og leverandørkjede. Rapporten omfattar følgjande selskap i konsernet:

- Steinvik Fiskefarm AS
- Steinvik Fiskefarm Visningssenter AS
- Barlindbotn Settefisk AS
- Breivika Eigedom AS
- Bru Eigedom AS
- Steinvik Rensefisk AS

Steinvik Rensefisk AS er ikkje pliktsubjekt etter Openheitslova, men er likevel inkludert i konsernet sine aktsemdsvurderingar grunna verksemdstype og innkjøpsaktivitet. Loke Eigedom AS (morselskapet), Steinvik Eigedom AS og Onshore Aqua AS er òg ein del av konsernet, men fell ikkje inn under lova. Desse tre er vurderte å ha låg risikoprofil som følgje av verksemdene sin art og avgrensa aktivitet, og er difor ikkje omfatta av denne rapporten.

Steinvik har drift innan store delar av verdikjeda til produksjonen av atlantisk laks og aure. Barlindbotn Settefisk AS er lokalisert i Barlindbotn - her vert Steinvik sin smolt produsert. Konsernet har òg to tilvekstavdelingar i Svelgen – éi for postsmolt og éi for produksjon av rensefisk – som vert drifta av Barlindbotn Settefisk AS og Steinvik Rensefisk AS. Produksjonen av matfisk i sjø vert driven av Steinvik Fiskefarm AS, som har seks ordinære matfiskkonsesjonar. I tillegg driftar Steinvik Fiskefarm Visningssenter AS ein eigen visningskonsesjon. Desse konsesjonane er fordelte på ni lokalitetar i Kinn og Askvoll: Hovden, Veiesundet, Klavelandet, Ålvora, Sveholmane, Seljeseth, Steinvik, Kviteskjeret og Hella. Målet er å produsere om lag 8000 tonn matfisk årleg.

Visningssenteret har som føremål å formidle kunnskap om havbruksnæringa til besøkande. Dette vert organisert som eit eige selskap, Steinvik Fiskefarm Visningssenter AS. Konsernet eig sjølv anlegga og eigedomane der drifta går føre seg gjennom eigedomsselskapa Breivika Eigedom AS, Steinvik Eigedom AS og Bru Eigedom AS. Onshore Aqua AS held til i Eikefjord og tilbyr rådgjeving innan



planlegging, prosjektering og bygging av landbaserte oppdrettsanlegg. Selskapet tilbyr rådgjeving både til Steinvik og til eksterne oppdrettarar i samband med utvikling og bygging av slike anlegg. Loke Eigedom AS er morselskap i konsernet og er eit holdings- og investeringsselskap.


Grunnlaget for denne rapporten er innføringa av Openheitslova, som trådte i kraft 1. juli 2022. Fleire av selskapa i konsernet er omfatta av lova, og dette medfører eit krav om å gjennomføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale føretak. Desse vurderingane skal bidra til å førebyggje brot på menneskerettane og uakseptable arbeidsforhold – både i eiga verksemd, hjå forretningspartnarar og vidare nedover i heile leverandørkjeda.

Steinvik Fiskefarm AS og Barlindbotn Settefisk AS er ein del av Salmon Group – eit nettverk av 40 små og mellomstore oppdrettsselskap i Noreg. Nokre leverandøravtalar blir forhandla direkte av Steinvik, medan andre blir inngått av Salmon Group på vegner av medlemsbedriftene.

Gjennom dette samarbeidet oppnår vi stordriftsfordelar, særleg innan innkjøp. Salmon Group forhandlar om varer og tenester, og stiller felles krav til pris, kvalitet og berekraft. Eit døme er SG-føret, som byggjer på berekraftige råvarer og etiske krav til leverandørkjeda.

For Steinvik er desse felles avtalane viktige – dei omfattar sentrale innsatsfaktorar som fôr, rogn, vaksinar, medikament og forsikring, og utgjør om lag 42 % av dei totale kostnadene. Difor er Salmon Group sine aktsemdsvurderingar direkte relevante for verksemda, og det blir vist til deira rapport tilgjengeleg på nettsidene deira (www.salmongroup.no).

Fordeling av kostnader mellom avtalar i konsernet



Forankring i retningslinjer og rutinar

Arbeidet med å sikre menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår er forankra i konsernet gjennom prosedyrar for aktsemdsvurderingar og ansvarleg innkjøp, nedfelte i internkontrollen og Kvalitetshandbøkene. Etiske retningslinjer basert på ILO- og FN-konvensjonane er tilgjengelege digitalt og i papirform ved våre basar og kontor. Vi har òg ein «Supplier Code of Conduct», og jobbar med å styrkje formidlinga av denne internt og til leverandørar.



Leiar for prosjekt og berekraft gjennomfører årlege aktsemdsvurderingar med utgangspunkt i førre års transaksjonar, for å få oversikt over kritiske leverandørar. Resultat, mål og tiltak blir presenterte for styret og leiarar i generalforsamlinga, samt i interne leiarmøte. Tiltak blir følgde opp saman med nøkkelpersonar med personal-, økonomi-, og innkjøpsansvar, og status blir rapportert i leiarmøter og styremøter. Styret og dagleg leiar har overordna ansvar for å forankre arbeidet med aktsemd i konsernleiinga.

Det er òg relevant å vise til Salmon Group sine eigne rutinar og retningslinjer, ettersom 42 % av konsernet sine innkjøp skjer gjennom rammeavtalar i regi av Salmon Group. Desse er nærare omtala i Salmon Group si eiga aktsemdsvurdering (www.salmongroup.no).

Slik gjennomfører vi aktsemdsvurderingar – metode og risikobilete

I tråd med §§ 4 og 5 i Openheitslova har Steinvik som mål å sikre ansvar for menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår gjennom forankring i styret og leiinga, og integrering i verksemda sine styringssystem og rutinar. Vi kartlegg og vurderer risiko for negative konsekvensar i eiga drift og hjå leverandørar og partnarar, med vekt på bransje, geografi, produkt, verdikjede og type verksemd. På bakgrunn av dette set vi i verk målretta tiltak for å førebyggje, redusere eller stoppe risiko, tilpassa alvor og omfang – som til dømes krav om forbetring, endring av praksis eller avslutning av samarbeid. Verksemda overvakar effekten av tiltaka så langt kapasitet og tilgjengeleg informasjon tillèt det, med sikte på kontinuerleg forbetring.

Risikofaktorar

Steinvik vurderer leverandørar ut frå eit sett risikofaktorar som til saman dannar eit samla risikobilete. Desse avgjer kva risikokategori leverandøren blir plassert i. Hovudfaktorane er:

- **Bransjerisiko:** Nokre bransjar har høgare risiko for brot på menneskerettar og dårlege arbeidsforhold, til dømes tekstil, bygg og anlegg, eller råvarebasert produksjon.
- **Produktrisiko:** Enkelte produkt og tenester inneber auka risiko grunna produksjonsmetode eller ukjend opphav, til dømes bruk av naturressursar eller kjemikaliar.
- **Geografisk risiko:** Risiko knytt til landet eller regionen leverandøren opererer i, inkludert politisk stabilitet, rettstryggleik og grad av korrupsjon.
- **Verdikjederisiko:** Aukar når leverandørkjeda er uoversiktleg, eller inneheld mange ledd som underleverandørar og mellommenn.
- **Verksemdsspesifikk risiko:** Risiko knytt til leverandøren sjølv, som dårleg internkontroll, historikk med brot på rettar eller manglande openheit.

I tillegg til desse hovudfaktorane vurderer Steinvik følgjande forhold for å få eit meir presist bilete:

- **Bindingstilhøve:** Kor avhengige vi er av leverandøren, og kor lett det er å byte.
- **Transaksjonsvolum:** Økonomisk omfang av handelen med leverandøren.
- **Relativt transaksjonsvolum:** Del av leverandøren si totale omsetning som kjem frå Steinvik – det seier noko om vår påverknadskraft.

Steinvik vurderer også finansielle forhold, som leverandøren si omsetning, samt kvaliteten og innhaldet i leverandøren sin eigen rapport etter Openheitslova (for dei som har rapporteringsplikt). På bakgrunn av den samla vurderinga vert leverandørane plasserte i risikokategoriane låg, middels eller høg. Leiar for prosjekt og berekraft gjennomfører årlege aktsemdsvurderingar, basert på eit internt rammeverk for risiko utarbeidd i tråd med OECD-modellen. For leverandørar med høg risiko vert det gjennomført jamlege vurderingar.



Ansvarleg drift – Vurdering av eiga verksemd og risikobilete

Steinvik er tredjeparts sertifisert etter GLOBAL GAP (**GGN**) standarden, noko som stiller strenge krav til menneskerettar. Under Global GAP sertifiseringa vert det også gjennomført ein GRASP – revisjon. Dette er ein gjennomgang av dei sosiale tilhøva i konsernet. Desse sertifiseringane gir eit grunnlag for ekstern vurdering av praksis. Sertifiseringane finn ein i Global GAP sin database, GGN-nummera:

- | | |
|-------------------------------------|---------------|
| - Steinvik Fiskefarm | 4056186291240 |
| - Steinvik Fiskefarm Visningssenter | 4063061380739 |
| - Barlindbotn Settefisk | 4050373741112 |

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Arbeid i havbruksnæringa inneber høg risiko – berre fiskerinæringa har eit meir utsett arbeidsmiljø. Fall, klemskadar og belastningsskadar er vanlege årsaker til fråvær og skadar (FHF, 2024). Difor har HMS høg prioritet i konsernet, særleg innanfor produksjon av matfisk i sjø, der risikoen er størst.

Konsernet har etablert ei rekkje tiltak for å sikre eit trygt arbeidsmiljø:

- Internkontrollverktøy brukast til å registrere og lukke avvik
- Sikker-jobb-analyse (SJA) før større operasjonar
- Minst to personar ved arbeid på sjø
- Obligatorisk bruk av verneutstyr og korrekt handtering av kjemikaliar
- Internkontrollsystem med dekkande HMS-prosedyrar
- Alle driftsteknikarar har sikkerheitsopplæring
- Verneombod utfører jamlege rundar
- Styret og leiing får jamlege HMS-rapportar
- Tredjeparts revisjon gjennom Global GAP og GRASP
- Jamlege HMS-møter, og ein årleg HMS-dag i Steinvik Fiskefarm
- Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Steinvik Fiskefarm møtast to gonger i året

Resultat 2025 for konsernet: Konsernet hadde i 2025 eit sjukefråvær på 5,17 %. Det blei registrert éin personskade med langtidsfråvær, knytt til nedstiging frå ein større båt. Hendinga er handtert gjennom etablerte HMS- og avvikskanalar, inkludert AMU og intern rapportering. Det er sett i verk førebyggjande tiltak for å redusere risikoen for tilsvarende hendingar.

Arbeidsmiljø og arbeidsvilkår

Steinvik nyttar ikkje innleigd arbeidskraft. Personell på mellombelse kontraktar får same vilkår som faste tilsette, i tråd med norsk lov.

I matfiskproduksjonen kan det i periodar vere større arbeidsmengde og behov for overtid, særleg på seinsommaren og hausten når lusepresset er spesielt høgt. Steinvik følgjer nøye med på bruken av overtid og har sett i verk tiltak for å redusere belastninga:

- Rekruttering og bemanningsplanlegging
- Aktiv bruk av avspasering
- Bruk av eksterne serviceleverandørar ved behov



Tiltak for å sikre eit rettferdig og inkluderande arbeidsmiljø i heile konsernet:

- Lønnstillegg ved fagbrev
- Gode forsikrings- og pensjonsordningar
- Kurs og opplæring
- Likelønn og likebehandling
- Rettmessig overtidsbetaling og bonusordningar
- Sosiale tiltak og låg terskel for varslings

Matfiskproduksjonen og settefisk/smoltproduksjonen er tredjepartssertifisert (Global GAP) og konsernet gjennomfører egne aktsemdsvurderingar. I 2025 er det ikkje avdekt brot på menneskerettar eller inkluderande arbeidsliv.

Kartlegging av leverandørkjeda – område med høg risiko

I 2025 hadde Steinvik-konsernet totalt 458 leverandørar. Aktsemdsvurderinga omfattar alle leverandørar der vi har kjøpt varer eller tenester for over 500 000 kroner – totalt 57 aktørar som står for om lag 94 % av konsernet sine samla eksterne leverandørutgifter. Desse vert rekna som forretningskritiske og inngår i kartlegginga. I gjennomgangen vurderast også mindre leverandørar dersom det er tale om langvarige samarbeidspartnarar.

Ein stor del av konsernet sine leverandørar er lokalt forankra, noko som gir tettare samarbeid, betre kontroll og lågare risiko. Kartlegging basert på transaksjonsvolum (> 500 000 kr) viser at om lag 51 % av leverandørane er lokaliserte på Vestlandet, der rundt 33 % held til i tidlegare Sogn og Fjordane. Alle leverandørane er norskregistrerte selskap med aktivitet i Norge. Denne geografiske forankringa legg til rette for god oppfølging og reduserer risiko for uakseptable arbeidsvilkår og manglande regulering. Likevel kan den ibuande risikoen vere høg, då fleire leverandørar er ein del av komplekse, globale verdikjeder.

Aktsemdsvurderinga i konsernet er delt opp i tre fasar:

Fase 1 – Sortering av leverandørar:

Leverandørane vart delte i 6 kategoriar:

- Faste partnarar > 500 000 kr
- Utvalde faste partnarar < 500 000 kr
- Leverandørar via Salmon Group-avtalar
- Prosjektbaserte leverandørar
- Ibuande låg risiko, derav ikkje relevant for vidare vurdering
- «Nye» leverandørar

Etter gjennomgang stod vi att med 58 relevante leverandørar for vidare risikokartlegging.

Fase 2 – Risikovurdering:

Vi vurderte risiko basert på:

- Geografisk lokalisering og driftsområde
- Bransje og produkttype
- Kompleksitet i leverandørkjeda og underleverandørar



- Omdømme og ESG-profil
- Kvalitet, innhald og funn i egne aktsemdsvurderingar (der dette finst)
- Steinvik sitt kjøpsvolum relativt til leverandøren si omsetning

Etter vurderinga blei 11 leverandørar identifiserte som potensielt risikoutsette. Risikoen er særleg knytt til faktorar som bransje og produkttype, kompleksitet i leverandørkjeda, omdømme og mangel på openheit. Av desse har 7 offentleg publisert egne aktsemdsvurderingar for rekneskapsåret 2024. Totalt 10 av leverandørane opererer i utlandet, anten gjennom eiga verksemd eller via leveransar til kundar.

Fase 3 – Risikoklassifisering:

Desse 11 leverandørane blei delt inn i to risikonivå:

Middels risiko

7 leverandørar, hovudsakleg norske aktørar med global og kompleks verdikjede. Risiko knytt til råvarer som fôringrediensar, metall, plast og elektronikk, samt tenesteleverandørar med HMS-risiko.


Dei fleste har aktsemdsvurderingar og tiltak på plass. Tre leverandørar som tidlegare hadde utilstrekkeleg informasjon, har fått redusert risikoen noko då dei anten har delt ny informasjon med oss, og/eller har publisert eigen rapport.

Høg risiko

Fire leverandørar med utilstrekkeleg openheit eller tilknytning til høgrisikoforhold:

- To globale tenesteleverandørar innan finans/forsikring med omdømmerisiko
- Éin fôrforhandlar med utilstrekkeleg innsikt i råvarekjelde frå underleverandør
- Éin fôrleverandør med høg ibuande risiko knytt til morselskapets globale aktivitet

Potensiell risiko



Potensielle risikoar i leverandørkjeda

Basert på Steinviks aktsemdsvurdering over, og Salmon Groups aktsemdsvurdering, er det særleg tre område som peikar seg ut med høgare ibuande risiko:

- Fôr og råvarer
- Finans/forsikring med global eksponering
- Teknisk utstyr

Fôr er vurdert som det området med høgast ibuande risiko i leverandørkjeda, grunna ei global og kompleks verdikjede med varierende sporbarheit og fare for brot på arbeidstakar- og menneskerettar.

Steinvik kjøper i hovudsak fire typar fôr; SG-fôr gjennom Salmon Group og fôr utanfor denne rammeavtala er; aurefôr, økologisk fôr og rensefiskfôr. Sistnemnde fôr og tilhøyrande leverandørar, altså alle fôr som ikkje er ein del av rammeavtala til Salmon Group, vert vurdert og følgd opp av Steinvik.



Innanfor Salmon Groups rammeavtale

SG-fôret er utvikla av Salmon Group og representerer 94 % av Steinviks totale fôrforbruk i 2025. Det stillast krav til sporbarheit og sertifisering, og leverandørane er ASC Feed-sertifiserte (Aquaculture Stewardship Council). Standarden stiller krav til ei rekkje ulike berekraftsfaktorar, mellom anna ansvarleg råvareinnkjøp, sporbarheit og sosiale forhold. Det er avdekka høg risiko i fleire av råvarene som inngår i fôret.

- **Marine råvarer (fiskemjøl og fiskeolje, krill):**
Risiko for IUU-fiske (ulovleg, uregulert, uregistrert fiske), tvangsarbeid og svak dokumentasjon. SG-resepten stiller krav om sertifisering gjennom MSC (Marine Stewardship Council), MarinTrust eller FIP (Fishery Improvement Projects). Krill skal vere MSC-sertifisert. Salmon Group stiller strenge krav til lovleg og sertifisert opphav, og revisjonar i Peru og Chile i 2025 gav eit positivt inntrykk, men viste framleis risiko knytt til sporbarheit, kjønnsbalanse og korrupsjon. I 2025 vart det ikkje påvist brot på menneske- og arbeidstakarrettar.
- **Soya frå Brasil:**
Risiko for avskoging, miljøpåverknad og negative konsekvensar for urfolk og lokalsamfunn. Salmon Group stiller krav om at råvarene skal vere avskogingsfrie, GMO-frie og sertifisert gjennom ProTerra-standard. I 2025 var all soya frå Brasil brukt i SG-resepten ProTerra-sertifisert, og revisjonar i Brasil viste gode system for miljøstyring og sporbarheit. Samstundes vart det peikt på risiko knytt til plantevernmiddel, vatn, arealpress og manglande dialogmekanismar. Det vart ikkje avdekt dokumenterte brot direkte knytte til Salmon Groups innkjøp i 2025, men oppfølginga skal styrkjast.
- **Guar frå India:**
Risiko for barnarbeid som følgje av småskalaproduksjon på familiebruk. Fôrleverandøren har gjennomført fysiske revisjonar i 2024 utan at det vart funne faktiske brot. Risikoen er likevel ikkje eliminert, og Salmon Group vil halde fram med særskild oppfølging av sporbarheit, leverandørstyring og tiltak som sikrar barns rett til skulegang, helse og utvikling.
- **Kveitegluten, mikronæringsstoff og aminosyrer frå Kina:**
Kveitegluten, mikronæringsstoff og aminosyrer med opphav frå Kina er vurderte som råvarer med forhøgja aktsemdsrisiko, særleg grunna avgrensa openheit, svakare moglegheit for uavhengig kontroll og utfordringar med sporbarheit lenger bak i verdikjeda. Det vart ikkje avdekt dokumenterte brot på arbeidstakar- eller menneskerettar knytte til desse råvarene i 2025, men Salmon Group vurderer manglande dokumentasjon og avgrensa innsyn som eit gjenståande aktsemdsgap.

Fôr kjøpt utanom rammeavtalar

Økologisk fôr og noko aurefôr vert kjøpt frå fôrleverandør utanom Salmon Group sine rammeavtalar. Dette forbruket representerer 5,3 % av Steinviks totale fôrforbruk i 2025. Fôret vert produsert ved ASC-sertifiserte fabrikkar i Noreg og Skottland. ASC-standard. ASC-standard omfatar krav til ansvarleg råvarebruk, sporbarheit og prinsipp for ansvarleg næringsliv.

Fôrleverandøren har gjennom eigne aktsemdsvurderingar identifisert risiko knytt til fleire råvarer, mellom anna guar frå India, marine råvarer og plantebaserte råvarer frå høgrisikoland. Risikoane omfatar særleg tvangsarbeid, barnarbeid, utrygge arbeidsforhold, låg løn og svake arbeidstakarrettar. Leverandøren opplyser at risikoen vert følgd opp gjennom leverandørdialog, menneskerettsvurderingar, sertifisering, sporbarheit og kontroll med råvareopphav.



Det økologiske fôret er godkjent for bruk i økologisk lakseproduksjon og vert produsert i tråd med relevante økologiske standardar, inkludert EU-regelverket for økologisk produksjon. Marine ingrediensar skal kome frå MarinTrust-sertifiserte leverandørar. Steinvik er ikkje kjend med offentleg dokumenterte brot eller avvik som er direkte knytte til det aktuelle økologiske fôret eller produksjonsanlegga.

Mat og råvarer frå Russland er unnatekne frå sanksjonar etter EU-regelverket om restriktive tiltak mot Russland, slik det er gjennomført i Noreg. Steinvik vurderer likevel import frå Russland som risikofyllt. Dokumentasjon frå fôrleverandørane, både i og utanfor rammeavtalar, viser at Steinvik ikkje har nytta russiske råvarer i 2025.

Soya som inngår i fôret, er opplyst å vere ProTerra- eller EuropeSoya-sertifisert. Sertifiseringane skal bidra til å sikre at soyaen ikkje har opphav frå avskoga område. Samstundes er det identifisert ein generell omdømmerisiko knytt til delar av leverandøren sitt konsern, særleg som følge av offentleg tilgjengelege opplysningar om påståtte grove menneskerettsbrot i soyaverdikjeda i Brasil. Gjennom dialog med fôrleverandøren har Steinvik fått stadfesta at soyaen i fôret selskapet har kjøpt, ikkje kjem frå den delen av konsernet som er omtalt i den aktuelle saka, og heller ikkje frå den aktuelle regionen i Brasil.

Bruk av fôret byggjer på ei samla vurdering. Steinvik har mellom anna lagt vekt på tilgjengeleg dokumentasjon frå fôrleverandøren, oppfølginga av identifiserte risikoar, sertifiseringsordningar og praktiske forhold knytte til leveringssikkerheit og transport. Transportavstand og samla miljøpåverknad inngår som eitt av fleire moment i vurderinga av vidare innkjøp.

Fôrleverandøren si aktsemdsvurdering har ikkje avdekt konkrete brot i 2025. Steinvik vurderer likevel risikoen som høg knytt til enkelte råvarer og delar av konsernet si verksemd. Steinvik vil derfor etterspørje ytterlegare dokumentasjon og vurdere behovet for vidare tiltak, gjerne i samarbeid med andre bransjeaktørar.

Spesialfôr til rensefisk vert kjøpt inn i relativt små volum, totalt 0,7 % av fôrforbruket i 2025, men er likevel vurdert å ha forhøgja risiko på grunn av avgrensa dokumentasjon og ei til dels uoversiktleg verdikjeda. Nokre marine råvarer, til dømes blekksprutmjøl frå Sør-Amerika og fiskegelatin frå Sørøst-Asia, kan ha opphav i område der det er kjende utfordringar knytte til overfiske, svak regulering og risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår. Dette tilseier behov for strengare krav til dokumentasjon, sporbarheit og verifikasjon i leverandørkjeda.

Leverandørane Steinvik nytta i rapporteringsåret 2025 har produksjon i Norge, Japan og Belgia. Dette er land med relativt sterk regulering og etablerte institusjonelle rammer for ivaretaking av menneskerettar og arbeidstakarrettar.

Leverandørane er omfatta av ulike standardar og sertifiseringsordningar som kan bidra til å redusere sosial risiko i verdikjeda, mellom anna BAP (Best Aquaculture Practices), Global GAP og ASC. Slike ordningar erstattar likevel ikkje leverandørane sitt eige ansvar eller Steinvik sitt ansvar for å gjennomføre sjølvstendige aktsemdsvurderingar og oppfølging.

Steinvik vil halde fram arbeidet med å kartleggje råvareopphav og stille tydelegare krav til dokumentasjon frå leverandørane.



Konklusjon før

Steinvik har ikkje avdekt faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsvilkår i før kjøpt innan eller utanom rammeavtalar i 2025. Arbeidet med aktsemdsvurderingar held fram, med mål om å sikre at alt før som vert nytta, er i tråd med Openheitslova og internasjonale standardar for berekraft og etisk handel. Dette inneber både samarbeid med Salmon Group og andre bransjeaktørar, og eigne vurderingar av leverandørar, med krav til dokumentasjon, sporbarheit og relevante sertifiseringar.

Andre område med risiko – Forsikring/finans og teknisk utstyr

Finans og Forsikring

Ved kjøp av tenester frå multinasjonale konsern er det identifisert ein risiko for indirekte medverknad til brot på grunnleggjande menneskerettar og uetisk forretningspraksis. Risikoen er særleg knytt til konsern der morselskap eller tilknytte verksemdar opererer i land med svak regulering, låg grad av transparens og avgrensa kontrollmekanismar.

I kartlegginga vår er det identifisert to aktørar som, trass i etablerte og omfattande rutinar for aktsemdsvurderingar, har vore knytte til kontroversielle investeringar og prosjekt, mellom anna i Midtausten og Aust-Afrika. Det eine selskapet har i etterkant endra praksis.

Det relative transaksjonsvolumet med desse leverandørane er lågt, og marknaden ser ut til å ha få reelle alternative leverandørar. Etter ei samla vurdering vart den eine leverandøren bytt ut i rapporteringsåret 2025.

Steinvik har ikkje avdekt konkrete brot på grunnleggjande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Vi vil likevel halde fram med å følge utviklinga og vurdere nærare oppfølging dersom det oppstår nye eller vedvarande risikoforhold.

Teknisk utstyr

Tre norske leverandørar av teknisk utstyr er vurderte å ha ibuande risiko knytt til innkjøp av råvarer, metall og elektroniske komponentar frå underleverandørar. Risikoen gjeld særleg potensiell bruk av konfliktmineral, som kan vere knytt til tvangsarbeid i gruver, samt risiko for uforsvarlege arbeidsforhold ved produksjon av elektroniske komponentar.

To av leverandørane har gjennomført og delt aktsemdsvurderingar for rapporteringsåret 2025. Den tredje leverandøren er ikkje omfatta av Openheitslova, og det ligg føre avgrensa informasjon om leverandøren sitt arbeid med menneskerettar og arbeidsforhold.

Gjennom spørjeundersøkingar og oppfølging pr. e-post er risikoen vurdert som redusert. Samstundes vurderer vi det som positivt at leverandørsegmentet har vist auka transparens og større modenheit i arbeidet med aktsemdsvurderingar. Vi har ikkje avdekt faktiske brot i rapporteringsperioden, men vil halde fram med konstruktiv dialog og vidare oppfølging.

Tiltak og mål for ansvarleg drift – slik jobbar vi med forbetring

Langsiktig arbeid: Steinvik jobbar for å redusere risiko i leverandørkjeda gjennom langsiktige partnerskap. Gjennom Salmon Group får vi stordriftsfordelar og påverknadskraft som vi brukar til å påverke leverandørar i rett retning. Vi ønskjer også å nytte lokale leverandørar med oversiktlege verdikjeder der det let seg gjere – både gjennom rammeavtalar og for å støtte levedyktige lokalsamfunn.



Dersom vi over tid har låg påverknad (til dømes lågt relativt transaksjonsvolum) og høgrisikoleverandørar viser lita vilje til samarbeid og endring, vil vi vurdere å avslutte samarbeidet.

På kort sikt og der vi manglar informasjon, nyttar vi desse tiltaka:

- Dialog med leverandørar, ofte gjennom direkte kontakt, og eventuelt besøk
- Innsamling av informasjon, t.d. spørjeundersøkingar
- Etterspurnad etter aktsemdsvurderingar, sertifiseringar og tredjepartsverifikasjon
- Kartlegging av råvareopphav og sporbarheit

Vi vurderer leverandørar årleg, høgrisikoleverandørar jamleg, og set inn tiltak ved behov.

Målsetjingar og status for vidare arbeid med Openheitslova

Målsetjing	Status
Følgje opp leverandørar med forhøgja risiko gjennom relevant dokumentasjon og dialog om forbetringstiltak	Løpande
Styrkje intern kompetanse for å forbetre ansvarleg og berekraftig innkjøpspraksis	Løpande
Innhente informasjon om råvareopphav for utvalde fôrråvarer der det er vurdert å vere særskild risiko knytt til sporbarheit	Årleg
Forbetre ekstern kommunikasjon og signering av vår Supplier Code of Conduct med leverandørar vi har høgast volum med	I løpet av 2026
Forbetre metodikken for aktsemdsvurderingar for å styrkje presisjon og objektivitet i risikovurderingane	I løpet av 2027

Styret og dagleg leiar har overordna ansvar for å forankre arbeidet med aktsemd i konsernleiinga, medan leiar for prosjekt og berekraft har ansvar for gjennomføring, oppfølging og overvaking av effekt og måloppnåing. Resultat og tiltak blir kommuniserte internt i konsernet, med særleg vekt på styret og leiing.

Kommunikasjon med påverka partar og rettshavarar

Det er ikkje avdekt konkrete brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i 2025, men enkelte risikoar vert framleis overvaka.

Gjenoppretting og erstatning

Det er ikkje avdekt forhold i 2025 som har kravd oppretting eller erstatning. Dersom det vert identifisert brot på menneskerettar i leverandørkjeda, vil Steinvik krevje utbetring innan ein gitt frist. Ved manglande respons kan samarbeidet bli avslutta.



Dokumentet er godkjent av:

Signert av styret:

Steinvik Fiskefarm AS, Steinvik Fiskefarm Visningscenter AS, Steinvik Rensefisk AS, Barlindbotn Settefisk AS, Breivika Eigedom AS og Bru Eigedom AS

Alex Vassbotten
Styreleiar

Inge Helge Vassbotten
Nestleiar

Marte Vassbotten
Styremedlem

Olve Grotle
Styremedlem

Nina Møgster
Styremedlem

Signert av leiinga:

Steinvik Rensefisk AS, Steinvik Fiskefarm Visningscenter AS, Breivika Eigedom AS, Bru Eigedom AS

Alex Vassbotten
Dagleg Leiar

Barlindbotn Settefisk AS

Reidar Haugen
Dagleg leiar

Steinvik Fiskefarm AS

Erlend Vassbotten
Dagleg leiar

